

Arbeidsprogram 2021-2022

For Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.

Bygge organisasjon og samarbeid

❖ **Sørge for at studentane ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og vårt arbeid med å:**

- Vere synleg heile året, blant anna under Fadderveka og vekene etter studiestart med både stand og aktivitet i rebusløpet
- Arrangere infomøte om Studentparlamentet i nominasjonsperioda før parlamentsvalet
- Spele inn og vise introduksjonsvideo om Studentparlamentet til alle årskull
- Informere studentmassen meir om dei konkrete sakene som Studentparlamentet jobbar med og når desse og andre mål blir oppnådd
- Halde informasjonen på nettsidene oppdatert og auke aktiviteten på sosiale media med fokus på å leggje fram gjennomslag som studentane kan direkte dra nytte av

❖ **Utarbeide nye dokument som eit ledd i organisasjonen si drift, blant anna:**

- Eit dokument for etiske retningslinjer
- Eit nytt prinsippprogram 2022-26
- Skal gjennomføre vedtektsendringar i valreglement og vedteker

❖ **Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført i Studentparlamentet og ved HVO.**

- Annonser val i god tid i kanalar studentar fylgjer med på
- Tilby studentar som stiller til val å leggje ut promovideo på Studentparlamentets SoMe-kanalar og bruke annan kreativ promotering
- Gjere det lettare å finne fram og stemme ved val av blant anna representantar til Studentparlamentet og Høgskulestyret

❖ **Ha eit godt forhold til studentorganisasjonar med å:**

- Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest
- Invitere Studentrådet i UH-nett Vest til Volda for eit to-dagars seminar
- Ha jamn kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda-styret

Studentvelferd

- ❖ **Ha ekstra fokus på tiltak for å betre trivsel, psykisk helse og eit inkluderande studentmiljø med å:**
 - Prioritere Velferdsgruppa og bidra til å gjere den til ein fast del av HVO
 - Arbeide for å skape fleire sosiale møteplassar for studentar på campus
 - Oppretthalde tilbodet om opne klasserom 24/7.
- ❖ **Jobbe inn mot SiVolda for eit betre velferdstilbod for studentane, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg**
- ❖ **Legge forholda til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og -festivalane tilknytt HVO, og jobbe for eigna lokale sentralt på campus for studentorganisasjonane**

Utdanningskvalitet

- ❖ **Betre dei praktiske tilhøva for studentane med å:**
 - Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert slik at studentar i minst mogleg grad skal betale eigenandel på studieturar, for programvare m.m.
 - Jobbe for betre oppfølging av studentar gjennom praksisperioder, med gode rammer for fagleg utvikling og evaluering.
 - Bidra instansane som handterer klager og saker angående fag, faglærarar og førelesarar til å gjere seg meir synlege og lettare å kontakte
 - Ivareta moglegheita til å drive hybrid/digital undervisning ved behov
 - Gjere skikkanemnda og klagenemnda meir synleg for studentane
- ❖ **Gjere endringar/justeringar i dagens ordning for tillitsvalde slik at dei blir ein meir aktiv del av studentdemokratiet**
 - Endre tillitsvaldsystemet slik at studentrådsmøta blir fordelt innanfor kvar avdeling
- ❖ **Sørge for at studentar deltek i både studentundersøkingar og Studentparlament med å:**
 - Bidra til høg deltaking i Studiebarometeret og SHoT-undersøkinga
 - Jobbe for at informasjon om val, studentundersøkingar og anna viktig info frå Studentparlamentet kan leggjast ut på Canvas

Likestilling, mangfold og inkludering

- ❖ **Studentparlamentet skal sikre at alle studentar kjenner seg velkomne uavhengig av fysiske og psykiske nedsettingar med å:**
 - Jobbe for at alle deler av campus er godt tilrettelagt og universelt utforma
 - Jobbe for at mest mogleg av undervisninga er universelt utforma, og at studenttenester og studentvelferd er tilgjengeleg for alle
 - Følgje opp arbeidet for handtering og førebygging av mobbing, diskriminering og trakassering. Sei-ifrå-systemet må oppgraderast og gjerast meir kjent.
 - Jobbe mot drikkepress, og skape meir normalitet rundt det å ikkje drikke
- ❖ **Studentparlamentet skal fremje inkludering av internasjonale studentar, og dette skal gjenspeglast i arbeidet til parlamentet med å:**
 - Dele ut pris for internasjonalisering kvart år
 - Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom kontinuerleg samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek
 - Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet
 - Passe på at meir informasjon frå parlamentet blir tilgjengeleg på engelsk, (for eksempel oppsummering av møtedokument).

Miljø og berekraft

- ❖ **Studentparlamentet skal følgje opp på miljø- og berekraftsmessige saker med å:**
 - Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile campus
 - Arbeide for at miljø blir eit prioritert område under læringsmiljø i læringsmiljøutvalet
 - Vere aktive i prosessen for at Høgskulen held fram med å vere sertifisert Miljøfyrtårn
 - Arbeide for at berekraftsmåla til FN er i fokus ved Høgskulen i Volda
 - Arbeide med å utbetre vegan- og vegetartilbodet ved Høgskulen
- ❖ **Betre Studentparlamentet sin miljøprofil i innkjøp, dagleg drift, aktivitetar og reiser der det let seg gjere**
 - Redusere bruk av eingongsartiklar og andre miljøbelastande eller miljøskadelege produkt